

– Turisme kan hjelpe fjordingen

Eit nordisk samarbeidsprosjekt om hesteturisme vil gjera det mogleg å tena pengar på utryddingstrua hesterasar.

AV MONICA LINDANGER, NPK

Professor i bygdeutvikling Rhys Evans ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar (HLB) på Jæren har dei siste to åra jobba med eit prosjekt som skal styrkja hesteturismen i Noreg. Han har samarbeidd med reiselivsaktørar i Sogn og Fjordane, Nordland og Troms og på Færøyane og Island. Målet er å utvikla forretningsmodellar for hesteturisme, slik at det blir råd å tena pengar på å halda tradisjonshestane. Det er dei utryddingstrua hesterasane fjording, nordlandshest/lynghest, islandshest og færøysk ponni prosjektet skal gi eit betre næringsgrunnlag.

Nordisk nettverk

Prosjektet Riding Native Nordic Breeds har fått rundt ein million kroner i midlar frå Nordisk atlantsamarbeid (NORA).

– Me har fått mykje ut av prosjektet. Blant anna jobbar eg for å skapa ein norsk organisasjon som kan bli medlem av den internasjonale organisasjonen for hesteturisme, Federation Internationale de Tourisme Equestre. Her har Noreg aldri vore medlem, fortel Evans, som er internasjonal ekspert på hesteøkonomi og underviser i faget Hest i næring ved HLB.


Evans vil oppmuntra til å skapa eit nordisk nettverk, der ein kan dela erfaringar om å driva hesteturisme og bli inspirert av kvarandre. Samarbeidspartnarane i prosjektet har dei siste par åra hatt seminar i Sogn og Fjordane, Troms, Nordland og Island. Dei jobbar no med ein guide, som skal hjelpe folk som vil starta med hesteturisme. Denne skal bli klar neste år.

– Må få pengar ut av hesten

– Etter kvart håper me denne guiden kan hjelpe til med sertifisering for dei som vil starta opp med hesteturisme eller utvida verksemda. I utlandet har dei kvalifiseringskrav til folk som vil driva med hesteturisme. Eg trur dette vil hjelpe norsk hesteturisme. Kundane vil veta at hestar og turistar blir behandla bra, seier Evans.

Målet hans er å hjelpe bygdefolket med å byggja økonomi av hestenæringa.

– Ein må få pengar ut av hesten. No er det så mange nye måtar å tena pengar på hest på, som turisme og terapi. Eg trur det er viktig å laga ei nettside der folk kan finna rideturar. På



Norsk Fjordhestsenter og Harpefossen Skisenter tilbyr rideturar på fjording i Hjelmelandsdalen i Sogn og Fjordane. – Om me vil redde rasen, må me auka bruken. Og hesteturisme er ein naturleg og fin måte å gjera det på, meiner marknadsjef Janne Endal Andersson ved skisenteret. (Begge foto: Harpefossen Skisenter)

Island støttar styresmaktene hesteturismen, men på reiselivsnetsider i Noreg finn ein ikkje så mykje om dette, fortel Evans.

– Vanskeleg for turistane

– Me har så vakker natur her i Noreg, og me har også hesterasar som er avla fram for desse landskapa. Men me gjer det vanskeleg for utanlandske turistar å få veta om dette. Hestefolk eg kjenner i Storbritannia har veldig lyst å ri her, men dei veit ikkje kor dei skal leita, fortel Evans.

Han trur reiselivsprosjektet kan hjelpe dei utryddingstrua rasane.

– Etter traktoren kom er det ikkje lenger nokon økonomisk grunn til å ta vare på desse rasane. Me treng nye økonomiske grunnar til å bevare dei. Og fjordingen er til dømes akkurat typen hest til å bruka til turisme og terapi. Han er avla fram til å vera roleg og forsiktig og å høyra på barna når bonden ikkje er der. Om me finn

eit nytt grunnlag for han, kan me snu trenden, trur Evans.

– Unik for Noreg

Norsk Fjordhestsenter i Nordfjordeid i Sogn og Fjordane er ein av samarbeidspartnarane i prosjektet. Senteret har saman med Harpefossen Skisenter arrangert rideturar i Hjelmelandsdalen i sommarsesongen dei siste to åra.

Janne Endal Andersson er marknadsjef ved skisenteret. Ho fortel at turane har blitt svært populære, både blant sambygdingar, norske og utanlandske turistar.

– Turane har blitt ein stor suksess. Det å koma seg ut i naturen og ri fjordhest i fjordlandskap er ei veldig fin oppleving. Då er fjordingen der han skal vera, meiner Endal Andersson.

Ho meiner det er viktig å auka bruken av fjordingen for å redde han.

– Fjordingen er unik for Noreg. Me har eit ansvar her. Eigentleg burde det vera eit



Den norske nasjonalhesten fjordingen står på lista til Norsk genressurscenter over utryddingstrua husdyrrasar. Hesteturisme kan bli ein måte å redde fjordingen på.

nasjonalt ansvar. Om me vil redde rasen, må me auka bruken. Og hesteturisme er ein naturleg og fin måte å gjera det

på. Fjordingen, som er så snill, er perfekt til denne bruken, seier Endal Andersson. (©NPK)

PW VEDMASKIN

Det enkle er ofte det beste. Leveres med eldrift, bensin/dieselmotor eller som traktormontert.



Se vår hjemmeside: www.sagutstyr.no

Sagutstyr AS

Eidsvollvegen 481, 2160 Vormsund
www.sagutstyr.no
Tlf: 63 90 11 90

SPAR TID MED NYTT GJERDESYSTEM

- Tåler store påkjenninger
- Lett å vedlikeholde
- Kan ha lengre strekk mellom pålone

"Gjerdssystemet som sparer deg for mye" - Av bønder til bønder

www.gjerdssystem.no
post@gjerdssystem.no
tlf 414 44 878

Et norsk produkt fra **VEŠHOVDA** GJERDESYSTEM

